



Terje Haukeland
Vetåsvegen 25
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9685 - 21/83690

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
10.12.2021

Ferdigattest tilbygg våningshus - gbnr 483/2 Haukeland nordre

Administrativt vedtak: Saknr: 1330/21
Tiltakshavar: Terje Haukeland
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for nytt ingangsparti og terrasse på våningshus, eigedom gbnr 483/2.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.09.2018.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.11.2021.

Skildring

Adresse:	Vetåsvegen 5
Bygningstiltak:	Våningshus - tilbygg
Bygningsnummer:	176133511 - 1
Bruksareal:	3,5m ²

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/9685

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Terje Haukeland

Vetåsvegen 25 5938

SÆBØVÅGEN